

# Årsmelding for 2014 - Læringscenteret Gol

## OPPGÅVER OG AKTIVITETAR

Læringscenteret Gol har i 2013 gitt opplæring på 3 område: opplæring i norsk og samfunnskunnskap, grunnskule for vaksne og spesialundervisning. Vi har også hatt 2 elevar frå ungdomsskulen med vedtak om forlenga skuleløp - eit 11.skuleår.

### 1. Opplæring for vaksne på grunnskulens område - Opplæringslova § 4A-1

Læringscenteret Gol gir grunnskuleopplæring for vaksne til dei som melder behov for slik opplæring. Det er inngått avtale om eit formalisert samarbeid med alle dei andre Hallingdals-kommunane om eit standardisert løp på 2 år som fører fram til avslutta grunnskule. Alle kommunane er likestilte partnerar i dette samarbeidet og deler kostnadene. Den eksisterande avtalen blir automatisk vidareført inntil ein av partane seier opp avtalen.

Vedtak om opplæring etter §4A-1 kan også gjelde tiltak av mindre omfang, for eksempel forkurs til det ordinære grunnskuleløpet og opplæring i grunnleggjande ferdigheiter.

Ved utgangen av 2014 var det 24 deltakarar i grunnskule for vaksne, det høgaste talet nokon sinne. Talet var delt på 3 grupper – 4 deltakarar i innføringsgruppa (forkurset til grunnskuleløpet), 13 deltakarar i år 1-gruppa (G1) og 7 deltakarar i år 2-gruppa (G2). To deltakarar, ein i G1 og ein i G2, er elevar frå ungdomsskulen med vedtak om 11.skuleår. Ein deltakar har slutta i løpet av hausten, og 4 andre søkjarar begynte aldri av ulike grunnar. Timeforbruket ved utgangen av 2014 var 74 t/u = ca. 3,7 lærarstillingar.

### 2. Spesialundervisning - Opplæringslova § 4A-2.

Læringscenteret Gol gir tilbod om spesialundervisning for vaksne individuelt eller i gruppe, i samsvar med individuell opplæringsplan for den einskilde. Når ein deltakar ikkje kan gjøre seg nytte av den ordinære opplæringa som gis etter §4A-1, kan vedkommande ha rett til spesialundervisning etter §4A-2. Vedtak om slik opplæring fattast etter sakkunnig vurdering frå PPT.

I 2014 er det gjort bare fire vedtak etter §4A-2 for deltakarar frå Gol. Tre av vedtaka er for 3 deltakarar som er saman i ei gruppe. Eit vedtak er for ein einskild deltakar. I alt brukte Gol kommune bare 6 lærartimer (0,3 lærarstilling) ved årsskiftet på eigne deltakarar. I tillegg kjøper Nes kommune tenester til opplæring av ein deltakar, og Drammen kommune betaler for spesialundervisning til ein deltakar som går i den ordinære grunnskuleopplæringa. Totalt ein halv stilling blir brukt på spesialundervisning.

Læringscenteret Gol administrerer logopedi og afasibehandling for vaksne og gjer avtale med HELFO om refusjon av utgiftene til behandling.

### 3. Opplæring i norsk og samfunnskunnskap - Lov om Norskopplæring for nyleg komne innvandrarar medrekna asylsøkjarar

Alle innvandrarar i dei 4 nedre Hallingdals-kommunane får si opplæring i norsk på Læringscenteret etter avtale om eit formalisert samarbeid mellom Gol, Flå, Nes og Hemsedal. Læringscenteret søker om alle tilskot til dei 4 kommunane. Kommunane mottar tilskota og Læringscenteret sender refusjonskrav til kommunane på tilskotsbeløpa. Den eksisterande avtalen er frå 2010, og den blir automatisk fornya inntil ein av partane seier opp avtalen. Avtalen trenger å fornyast.

Læringscenteret Gol gir opplæring i norsk og samfunnskunnskap for alle innvandrarar, både til dei som har rett og plikt til 600 timer (busette flyktningar og familiesameinte) og dei som må betale (arbeidsinnvandrarar) samt bebuarane i mottaka i Nes og Hemsedal.

For dei busette og arbeidsinnvandrarak tar tilbodet sikte på at deltakarane kan gå opp til og bestå Norskprøven på rett nivå. Læringscenteret gir og tilbod om nettbasert opplæring for deltakarar på høgare nivå.

Asylsøklarar i mottak har og rett til norskopplæring – inntil 250 timar. Mange av mottaksbebruarane skifter status frå å være asylsøklar til å få opphaldsløyve. Dei får då dei same rettane som busette, rett og plikt til 600 timar.

Ved utgangen av 2014 var det ca. 150 deltakarar i opplæring i norsk samfunnskunnskap – delt på 13 ulike grupper. Nokre av dei er tatt inn i nye grupper etter ei omorganisering i januar. Mange namn står framleis på venteliste. Timeforbruket var 205 t/u = ca. 10,3 lærarstillingar.

#### **4. Introduksjonsprogram for innvandrarak - Lov om introduksjonsordning**

Alle busette flyktningar deltar på introduksjonsprogram. Dei skal ved avslutninga av programmet ha nådd mål om norskopplæring. Elles skal dei vera i løna arbeid eller i kvalifiseringstiltak i regi av NAV-arbeid, eller ha byrja på vidare skulegang. Norskopplæringa er sjølvstøtt den viktigaste delen av programmet, og ved inngangen av 2015 vart ein avtale med NAV signert. Læringscenteret og NAV har i mange år samarbeidd om innhaldet i programmet, men den nye avtalen regulerer betre ansvarsfordelinga mellom NAV og Læringscenteret.

Det er tilsett ein koordinator i 60% stilling til formålet. Koordinatoren samarbeider med flyktningkonsulentane. Alle deltakarar på program mottar introduksjonsstønad, og dette blir dekt av integreringstilskotet.

#### **5. Oppsummering oppgåver og aktivitetar**

Elevtalet i norskopplæringa har auka det siste året. Mykje av auken skuldast at det no er mange einlege menn i mottaka. Med talet deltakarar på venteliste er det totale deltakartalet ved Læringscenteret i slutten av januar 2015 ca. 200-210. Talet har aldri tidlegare vært så høgt. Talet sprenger tilgangen på rom ved Læringscenteret, og ved inngangen av 2015 er alle grupper med deltakarar frå mottaka gjort om frå 4-dagers grupper til 2-dagers grupper.

Slik kan det ikkje fortsette. Deltakarane har rettar som skal oppfyllest, og frå hausten blir det naudsynt å leie rom utanfor Læringscenteret for å gi det tilbodet dei har krav på.

Det store talet har og gjort det naudsynt å sjå nærare på korleis vi organiserer kartlegginga av nye deltakarar, og korleis vi deler inn gruppene gjennom året. Lærarane arbeider med det spørsmålet for tida, og om kort tid skal vi diskutere ulike framlegg til det.

Læringscenteret har og ein administrativ ressurs på 180% som er fordelt med 100% på rektor og 80% på inspektør. Talet stillingsheimlar totalt til både administrasjon, flyktningkoordinator og undervisning, er 15,1. Dette talet er for lågt. Like før årsskiftet hadde vi eit forbruk på 18,24 stillingar. Etter årsskiftet auka vi til 18,47 grunna omgjeringa frå 4-dagers til 2-dagers grupper. I tillegg har vi ein assistent i 80% stilling. I denne stillingsmassen er det både uheimla og midlertidige stillingar. I 2015 vil det bli førebudd ei sak som tar sikte på å justere talet på stillingsheimlar.

Med auke i talet deltakarar fylgjer og auke i tilskota, og Gol kommunes kostnader har ikkje auka. Det vil tala på neste side syne.

## ØKONOMI

### Fordeling - rekneskapsartar (heile 1.000 kr)

	R 2013	Just B 2014	R 2014
Sum driftsutgifter	12 816	13 948	14 894
Sum driftsinntekter	-10 642	-12 154	-12 114
Netto finansutg.	757	906	-150
<b>NETTOUTG.</b>	<b>2 931</b>	<b>2 700</b>	<b>2 630</b>

Tabellen ovanfor syner ein reduksjon i nettoutgifter frå 2013 til 2014. Driftsinntektene har auka frå 10,6 mill. til 12,1 mill. Netto finansutgifter er nulla ut. Inntekta i 2014 på 150.000 er ikkje ein reell inntekt for Gol kommune, men ei tilbakeføring av tilskot til kompetanseutvikling for VO-sentra i Buskerud, som ved eit feiltak gikk inn i rekneskaperen for 2013.

Liste: Ansvar - hovedart - Art	R 2014	B 2014	Formel	R 2013
- ALLE	2 631 063	2 700 000	97,45	2 931 337
+ 3150 Gol Vaksenopplæring	458 109	500 000	93,60	-970 718
+ 3151 Introduksjonsprogram NY 2012	2 137 057	2 200 000	97,14	2 120 750
+ 3156 Asylsøkjaropplæring	25 997	0	0,00	1 781 305

Ved å samanlikne dei to tabellane ser ein at 81% av nettoutgiftene til Læringscenteret høyrer til **3151 Introduksjonsprogram** som kommunen får integreringstilskot til. Med andre ord: dei reelle utgiftene til Læringscenterets primære oppgåve, som er opplæring og undervisning, er i underkant av kr. 500.000, og det er Gol kommunes del av grunnskoletilbodet for vaksne og spesialundervisning. Det er lovpålagte oppgåver.

Statstilskota til norskopplæring aleine syner i rekneskaperen ein auke frå 8.515.162 i 2013 til 10.506.636 i 2014. Rekneskaperen for norskopplæringa går dermed ut i null for 2014. Ingen nettoutgifter.

Dei låga tala for **3156 Asylsøkjaropplæring** skuldast at opplæring av asylsøkjarar ikkje lenger er skild ut som eige ansvar. Det går også fram av tittelen på punkt 3 på fyrste side i denne årsmeldinga. Alle tala for dette ansvaret ligg no på **3150 Gol Vaksenopplæring**. I 2015 skal det ikkje lenger være tal på 3156.

### Utvikling løn og sosiale utgifter korrigert for refusjonar sjukefråvær (alle tal i heile 1.000 kr):

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Netto-løn:	5.045	5.413	6.095	8.412	10.117	10.986	9.869	11.017

Ingen særskilte kommentarar. Det er berekna ei mindre reduksjon i bemanninga frå hausten 2015. Tilgang på fleire rom gjør det mulig å ha større grupper og kanskje færre grupper. Asylsøkjer-opplæringa vil framover være bare i 2-dagers grupper.

Frå 2014 er kostnaden til løn i introduksjonsprogram flytta til NAV sitt budsjett. Vedtak om introduksjonsprogram blir fatta av NAV og høyrer naturleg heime der og er ikkje lenger å finne i Læringscenterets lønsbudsjett.

Alle Læringscenterets kostnader, med unntak av grunnskuleopplæring og spesialundervisning, blir dekte av tilskot og refusjonskrav. Berre det overskytande etter kostnadsdekninga blir sett av til fond. I 2014 er ingen beløp satt av til fond. Det er heller ingen inntekt frå fond. Gjennom budsjettarbeidet for 2013 og 2014 har

det vært viktig å skape eit mest mulig rett bilde av kostnadene på alle postar. Vi er i mål med det arbeidet no, og vi er særst nøgd med rekneskapen for 2014.

## FRÅVÆR

Ansvar	Ansvarsbegrep	Ev. endringer	Fråvær 2014
3150	Gol voksenopplæring		1,1 %
3151	Introduksjonsprogram		0,0 %
3156	Asylsøkeropplæring	Flytta til 3150	0,0 %
		<b>Totalt</b>	<b>1,1 %</b>

Her synest tala på ein annan måte:

### TOTALT FRAVÆR ÅR FOR ÅR:

	2011	2012	2013	2014
Læringssenteret	6,0 %	7,3 %	3,2 %	1,0 %

### KORTTIDSFRAVÆR ÅR FOR ÅR:

	2011	2012	2013	2014
Læringssenteret	1,1 %	2,0 %	2,0 %	0,9 %

Ingen særskilte kommentarar. Eit langtidsfråvær som vi hadde tidlegare er no borte. Vedkommande er blitt pensjonist. Elles syner tala veldig lågt fråvær på Læringssenteret.

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2014

Ulike mål for 2014 blei oppfylt slik:

- Ny avtale om norskopplæring. Den gamle avtalen er frå 2010, og den er utdatert. Skisse til ny oppdatert avtale blei skriven, men ikkje fullført og sendt på høyring. Den må omskrivast på nytt. Mellom anna er rutinane for overføring av statstilskota frå våre samarbeidande kommunar og Gol kommune endra. Og IMDI skal i 2015 innføre ein ny versjon av NIR (Nasjonalt Introduksjonsregister), og da må det forhandlast med dei 3 andre kommunane om bruken av tenestene til Læringssenterets flyktningkoordinator. Han samarbeider med dei andre kommunane om både introduksjonsprogrammet og føring i NIR. Utfallet av desse forhandlingane vil påverke innhaldet i avtalen om norskopplæring. Alle avtalene skal ferdigstillast i løpet av våren 2015.
- Utarbeiding av nye lokale læreplaner for grunnskuletilbodet blei avslutta i 2014, men resultatet må det arbeidast vidare med og fullførast i 2015.
- Grunnskulemodellen blei utvida med ei innføringsgruppe skuleåret 2013-2014. Timetalet til denne gruppa blei utvida for inneverande skuleår. Den bør utvidast vidare i 2015.
- Vi gjorde ei realkompetansevurdering i to fag våren 2014. I mellomtida har nye malar og rutinar kome. Arbeidet med å utvikle våre ferdigheiter i realkompetansevurdering må fortsette.
- Avtale mellom Læringssenteret og NAV Gol/Hemsedal som regulerer ansvarsfordelinga i arbeidet med introduksjonsprogrammet blei utarbeidd og signert.
- Norskprøvene. VOX har no innført nye digitale norskprøver. Læringssenteret har tatt både dei nye norskprøvene og det nye prøveadministrasjonssystemet i bruk. Vi har hatt skolering av 2 lærarar på dei nye munnlege prøvene, og den opplæringa er blitt gitt vidare til resten av personalet.
- Læringssenteret har arbeidd med å auke vår kompetanse på **Vurdering for læring**. Dette arbeidet er ikkje i mål.

## NYE UTFORDRINGAR I 2015

- Nye erfaringar med å oppfylle rettane til mottaksbebuarar med opphaldsløyve, og å organisere opplæring for asylsøkjjarane har ført til at vi frå 2015 skil dei tre målgruppene frå kvarandre. Det er for det meste praktiske grunnar til det, men all norskopplæring vil fortsatt ligge på ansvarsområdet 3150.
- Ny avtale om norskopplæring.
- Avtaler med flyktningsneste i Nes og Flå.
- Innføring av ny versjon av NIR.
- Ny versjon av NIR aktualiserer å ta i bruk nytt fagsystem for vaksenopplæring. Dette blei vurdert i 2014, men ikkje gjennomført. No blir det meir aktuelt, og ein bør prøve å få til ei demonstrasjon i løpet av våren. Dersom det skal takast i bruk, må det vere på plass ved skulestart hausten 2015.
- Fullføring av nye læreplanar for fag.
- Ny modell for organisering av kartlegginga. Oppretting av eit kartleggingsteam.
- Ny inndeling av skuleåret. Noverande inndeling med å starte nye grupper bare ein gong i året er ikkje smidig nok med tanke på at det heile tida kommer nye søkjarar.
- Det er behov for å utvide grunnskuletilbodet til eit fulldelt 3-årig løp. Det må finansierast. Det er foreslått for rådmennene i Hallingdal at Ål Vaksenopplæring og Læringsssenteret Gol blir ein skule. Då kan overskot frå tilskota til norskopplæringa finansiere delar av eller heile grunnskuletilbodet. Ikkje aktuelt før hausten 2016.
- Arbeidet med vurdering for læring fortsetter.
- Kompetanse på å gjennomføre opplæring i grunnleggjande ferdigheiter, spesielt digitale ferdigheiter, må utviklast vidare.
- Eit spesielt utviklingsprosjekt frå hausten vil vere å utvikle kompetanse på korleis ein kan bruke Ipad i arbeidet med å bygge opp lese- og skriveferdigheitene til svake elevar/analfabetar.
- Ny kompetanse på vurdering av munnlege ferdigheiter på nivå B1-B2 må spreia i kollegiet.
- Det er behov for individuell styrking på einskilde elevar i norskopplæringa. Dei har ikkje rett til spesialundervisning, men Læringsssenteret prøver å sette av ein liten flytande ressurs som kan brukast til dette.
- Auken i talet på tilsette gjør det naudsynt å opprette ei plangruppe
- Læringsssenteret har hatt elevar frå ungdomsskulen med vedtak om 11.skuleår. Det har gitt ein del erfaringar som gjør det naudsynt med ei tilleggsavtale mellom kommunane i Hallingdal dersom Læringsssenteret skal være samarbeidspartner i arbeidet med slike elevar.
- I samarbeid med NAV er det søkt om prosjektmiddel til eit prosjekt som heiter «Arbeidsrette introduksjonsprogrammet og norskopplæringa». Dersom vi får middel til dette, vil det bli skilt ut ei eigen gruppe med ca. 5 deltakarar som får ein eigen opplæringsplan som inneber opplæring og praksis i butikk-arbeid. Målet er å sluse deltakarane ut i fast arbeid i butikk.

Bernt Fredus Kristiansen

Rektor, Læringsssenteret Gol

Gol, 3. mars 2015